



Bilete frå opning av VEKAO på Trudvang 2017. Elevar på 5.trinn fekk utfalde seg i lag med gatekunstnaren Rodrigo for å gjere ein grå yttervegg om til eit fargerikt stykke kunst.
Foto: Bjarte Ramstad

OPPVEKSTPLAN 2017-2020 (2026)

Vedteken i sak 24/17 i kommunestyret
15.juni 2017



Sogndal kommune

Innhald

| | |
|--|----|
| Føreord..... | 2 |
| 1. Å vekse opp i Sogndal - eit framtidsbilete | 3 |
| 2. Analyse av no-situasjonen – val av satsingsområde | 4 |
| 3. Gjennomgåande fokus og verktøy for oppvekstplanen | 6 |
| 3.1. Å sjå heile barnet og sjå kvar einskilt barn | 7 |
| 3.2 Samarbeid/samhandling mellom einingar. | 8 |
| 4. Risikofaktorar i barn sin oppvekst | 8 |
| 5. Fritid og kultur | 10 |
| 5.1 Kommunale kultur- og fritidstilbod | 10 |
| 5.2 Andre kultur- og fritidstilbod..... | 11 |
| 6. Landebyte | 13 |
| 7. Det samanhengande utdanningsløpet med overgangar..... | 14 |
| 8. Gjennomføring og oppfølging av planen..... | 16 |
| 8.1 Rutinar og system for oppfølging av planen | 16 |
| 9 Kjelder..... | 16 |

Føreord

I kommunal planstrategi for 2016 – 2020, vedteken av Sogndal kommunestyre i k-sak 12/16, vart det slege fast at det skulle utarbeidast ein felles oppvekstplan for Sogndal kommune. Det nyoppretta velferd-, oppvekst- og kulturutvalet (VOK-utvalet) vart gjeve mynde til å vere styringsgruppe for temaplanar som mellom anna oppvekstplanen. Planprogram for oppvekstplanen vart vedteke i VOK-utvalet i VOK-utvalssak 4/16. Her vart det oppretta ei administrativ arbeidsgruppe beståande av kommunalsjef oppvekst, ein rektor, tenesteleiar barnehage, biblioteksjef, leiande helsesøster, ungdomsleiar og ein representant frå fagforeiningane. For å setje planarbeidet inn i ein større samanheng, vil me på ulike stader i planen syne til FN sin barnekonvensjon, som mellom anna Noreg har forplikta seg til å følgje. Denne vil følgje som ein raud tråd i oppvekstplanen. Den vert ikkje attgjeven i sin heilskap, men sitata er meint å bidra til bevisstheit rundt barnekonvensjonen.

«Me byggjer framtida» var tittelen på Strategisk plan for utvikling av grunnskulen i Sogndal 2014-2017. No vert denne planen, samt fleire andre planar i sektoren, avløyst av ein oppvekstplan. Å byggje framtida er ikkje noko ein einskild av dei tilsette i oppvekstsektoren gjer, men det er gjennom samspelet mellom dei ulike tenestene, med barna og med føresette at me byggjer framtida. Me ynskjer å setje barna med føresette i sentrum, og fokusere på korleis me i fellesskap skal byggje ei god notid og framtid for den einskilde som veks opp i Sogndal og i lokalsamfunnet vårt.


Denne planen vil difor danne grunnlaget for:

- utvikling og kvalitetsarbeid i oppvekstsektoren
- politiske resultatmål for oppvekstsektoren
- einingane og avdelingane sine verksemdsplanar

Planen vil også vere eit verkty for overordna leing av oppvekstsektoren, samhandlingsarenaer og leing av den einskilde eining/avdeling. Oppvekstsektoren i Sogndal er pr. i dag organisert slik som går fram av organisasjonskartet til høgre. Dette kartet syner berre dei einingane og avdelingane som har tilsette med Sogndal kommune som arbeidsgjevar.

Oppvekstplanen for Sogndal kommune omfattar heile dette spekteret, samt kulturarbeidet til Sogndal kommune og Sogn kulturskule, der Leikanger er vertskommune. Tiltaka skal gjennomførast innanfor planperioden, og dei ulike tiltaka vert innarbeidd i dei årlege verksemdsplanane – med atterhald om tilstrekkelege økonomiske rammer. Oppvekstplanen er ein temaplan som ikkje legg bindingar på økonomiplanen.

I planprosessen har eit stortingsfleirtal avgjort at Balestrand, Leikanger og Sogndal skal verte ein kommune. Dette vil prege utviklingsarbeidet i oppvekstsektoren, og det vil verte behov for ein planrevisjon i samband med kommunesamanslåing frå 1.1.2020.



Dagens organisering av oppvekstsektoren

1. Å vekse opp i Sogndal - eit framtidsbilete

FN sin barnekonvensjon artikkel 13: «Å gi og få informasjon: Barnet har rett til yringsfridom, til å søkje, ta imot og spreie informasjon og idear av alle slag og på alle måtar.»

Dei ferdigheitene ein person treng i livet, er i stadig endring. Realitetane i dagens samfunn er at me ikkje veit kva jobbar våre barn og unge veks opp til, fordi teknologiutvikling og automatisering endrar arbeidslivet. Dei mest populære jobbane i dag er gjerne jobbar som ikkje eksisterte for 10 år sidan. Difor har det internasjonalt vore fokus på at barn og unge må tileigne seg livsferdigheitene for det 21. århundret.

Basis for desse livsferdigheitene er framleis dei grunnleggande ferdigheitene; å kunne lese, å kunne skrive, å kunne rekne, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter. Desse er forankra i Kunnskapsløftet som vart implementert frå 2006. I Meld. St. 28 (2015-2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* er det løfta fram ei rekkje tema og tiltak som peikar tydeleg i retning av å inkorporere livsferdigheitene i norsk utdanning. Tre fleirfaglege tema vert prioritert når læreplanane i faga skal fornyast: demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring. I tillegg skal det vere ei satsing på praktiske og estetiske fag, meir yrkesretta fellesfag og auka fleksibilitet. Me må gje barn og unge verktøya til å verte skapande menneskje, som kan sjå moglegheiter, og i stadig større grad kunne skape sin eigen arbeidsplass.

Denne utviklinga er i tråd med kva som skjer internasjonalt, men også kva me har vektlagt når me har jobba fram ein oppvekstplan. Målet vårt er at når eit barn veks opp i Sogndal, skal det ikkje oppleve at det offentlege tenestetilbodet ser sin vesle del av barnet, men at eit koordinert og heilskapleg innretta tenestetilbod samhandlar om å gje kvar einskild det tilbodet han eller ho treng. Me skal ikkje tenke utelukkande på det smale perspektivet for kvar sektor. Me skal tenke heile barnet og kvart einskild barn, slik at det kan utvikle seg i trivsel ut frå egne føresetnadar. Dette skal skje på tvers av alle aktørane i oppvekstsektoren. Me veit at i samfunnet vårt krev om lag 10% av innbyggjarane rundt 90% av ressursinnsatsen frå det offentlege. Me vil satse på tidleg innsats i vårt førebyggjande arbeid, for å sikre at me kan sjå samanhengar tidleg, og sikre at dei som står i fare for å falle utanfor, vert fanga opp. Dette vil vere til det beste for samfunnet, men viktigast av alt for den einskilte.

Sogndal er ein kommune i vekst, og prognosane tilseier at dette vil halde fram. Dette betyr at mange som bur i Sogndal er tilflyttarar, og me har også mange elevar og studentar som bur i Sogndal i ein periode. Å arbeide for tilhøyrslø og inkludering er eit stort arbeid, og for oppvekstsektoren er det viktig å legge til rette for dette, særleg for småbarnsfamiliar.

I staden for å peike på ei setning som skal oppsummere tenkinga vår i ein visjon, vil me heller gje ei skildring av kva dei som har vakse opp i Sogndal, skal ha med seg i sin bagasje for å vere rusta til ei omskifteleg verd. Dette er verdiar som heile oppvekstsektoren skal stå for, og som me i samarbeid med foreldra vil fremje og nå. Nokre av desse verdiane er knytt tett opp til MOT, det førebyggjande arbeidet som Sogndal kommune har gjort gjennom ei årrekkje i ungdomsskulane i samarbeid med ungdomsavdelinga.

Dei som har vakse opp i Sogndal, skal ha opplevd å vekse som trygge og aktive barn og unge med meistringsglede, som vert gagns menneskje, som har:

MOT til å leve - MOT til å bry seg - MOT til å seie nei - MOT til å ta egne val

Kommunale tenester, fritid og heim, skal saman gje barn og unge i Sogndal dei beste føresetnadar til å skape seg ei god framtid der dei er rusta til å møte utfordringane som ligg der, og som me ikkje kjenner i dag.

2. Analyse av no-situasjonen – val av satsingsområde


FN sin barnekonvensjon artikkel 29. *Målet med utdanning: Utdanninga skal fremje utvikling av personlegdommen til barnet, og teoretiske og praktiske dugleikar. Den skal skape respekt for menneskerettane og fremje haldningar om fred, toleranse og vennskap mellom folk. Utdanninga skal skape respekt for naturen og for barnet sin eigen og andre sin kultur.*

Sogndal kommune har tradisjon for å ha gode planar for kvart enkelt område i oppvekstsektoren. Me har også planar for samarbeid mellom ulike tenester, samt for t.d. overgangar mellom barnehage og skule. Det å utvikle ein overordna oppvekstplan som skal dekke heile oppvekstfeltet, representerer eit nybrottsarbeid. Me har kjent behovet for å føreta ei analyse av no-situasjonen for å ta dei rette vala på satsingsområde i planperioden.

I utviklinga av oppvekstplanen har det difor vore viktig for Sogndal kommune å involvere så breitt som mogleg. I den fassen har me henta inn kunnskap om korleis dei tilsette og samarbeidspartar vurderer utfordringar og moglegheiter i oppvekstsektoren i Sogndal. Metoden me har valt i denne samanhengen, er å besøke alle tilsette i sektoren, samt fleire samarbeidspartnarar, foreldrearbeidsutval ved skulane og samarbeidsutval ved barnehagane. Me har også hatt dialog med Sogndal ungdomsråd. På personalmøta har me bede dei tilsette jobbe individuelt og i grupper med å gje innspel på kva utfordringar dei ser med omsyn til tverrfagleg samarbeid, samt kva moglegheiter me har. Dette har resultert i store mengder innspel, som me har gått gjennom for å finne kvar me har utviklingspotensiale.


Målet med oppvekstplanen er at me gjennom godt samarbeid skal sikre at alle som veks opp i Sogndal, skal ha ein god og trygg barndom, der dei får moglegheit til å realisere sitt potensiale, slik som skildra i framtidsbiletet for oppvekstsektoren i Sogndal. For å lukkast med dette, har me i oppvekstplanen teke nokre val og gjort nokre avgrensingar.

Me har landa på det me har kalla Sogndalsmodellen for oppvekst. Denne har vore ein del av forankringsfasen av oppvekstplanen og har vore presentert til alle tilsette. Innfallsvinkelen med å setje barn med familie/føresette i sentrum har, saman med innspela me har fått, vore førande i vala våre av satsingar. Sogndalsmodellen skal symbolisere at det tverrfaglege arbeidet mellom anna skal fungere som eit sikkerheitsnett for dei som veks opp i Sogndal. Dei områda me har særskilt fokus på, er tenkt å bidra til å byggje opp om ferdigheitene til barn og unge i Sogndal som er omtala i framtidsbiletet. Me har sett at det vil vere behov for å ha eit gjennomgåande fokus i heile planen, det er å sjå heile barnet og sjå kvart enkelt barn. For å lukkast med dette, vil me trenge eit tilsvarande gjennomgåande verktøy som er samarbeid/samhandling mellom einingar. Sogndalsmodellen for oppvekst syner dei aktørane som er organisert i oppvekstsektoren i Sogndal, men i tillegg vil det sjølvstilt vere behov for tett samarbeid med andre aktørar internt i eigen organisasjon og eksternt.



Sogndalsmodellen for oppvekst med barnet og føresette i sentrum

I tillegg til dei overordna prioriteringane me har gjort, ser me også behov for å ha fokus på fire konkrete satsingsområde i planen: risikofaktorar i barn sin oppvekst, fritid og kultur, landebyte og det samanhengande utdanningsløpet med overgangar. Med desse områda meiner me at oppvekstplanen gjev eit rammeverk for utviklinga av sektoren, samstundes som den byggjer på dei innspel me har fått i forankringsfasen. Tankegangen i planen si oppbygging kan synleggjerast i ein hierarkisk modell:



I tillegg skal kvart område som vert omtala i planen, ha sine mål, strategiar og tiltak, utforma på ein slik måte at det er ein raud tråd som bidreg til framtidsbilete. Tiltaka som er skildra i planen, er politiske tiltak, og er difor stort sett av ein noko meir overordna karakter. Oppvekstplanen vil verte operasjonalisert gjennom utarbeiding av ein handlingsplan, der administrasjonen, i tett samspel med dei tilsette, skal konkretisere desse tiltaka ytterlegare, og syne korleis dei skal gjennomførast i planperioden. Denne handlingsplanen vil verte lagt fram for VOK-utvalet til orientering.

Sjølv om ein kommunal temaplan i sin natur har fokus på korleis me organiserer våre eigne tenester, så er det viktig å understreke at den gode oppveksten skjer ikkje gjennom kommunale tenester aleine. Me skal kjenne godt til kvar barn og unge kan få hjelp utover kommunale tenester. Me skal vere ein viktig tenesteleverandør, og det offentlege skal vere det sikkerhetsnett som trer i kraft når behovet er der.

Sjølv som me løftar fram 24-timarsbarnet, og vil sjå samanhengane mellom korleis me yter tenester til barn og familiar på ulike måtar til ulike tider, så vil alltid primæransvaret liggje hjå foreldra/føresette for dei aller fleste barn. Dette fordrar eit godt samarbeid mellom kommunen og foreldre/føresette, der me er tydelege på forventingane til kvarandre, og samarbeider for eit felles mål til barna sitt beste. Foreldra/føresette vil alltid vere den viktigaste premissleverandøren i barnet sin oppvekst, men gjennom godt samarbeid kan me bidra til kvarandre sin suksess. Foreldreansvaret er også forankra i FN sin barnekonvensjon artikkel 18: *Foreldreansvaret: Begge foreldra har eit hovudansvar for omsorga og utviklinga til barnet etter kva som er best for barnet. Staten skal gi støtte og sikre utvikling av institusjonar, tenester og tiltak for å gje barn omsorg, medrekna omsyn til utearbeidande foreldre.*

3. Gjennomgåande fokus og verktøy for oppvekstplanen

FN sin barnekonvensjon gjev eit godt utgangspunkt for det oppvekstplanen skal ivareta. Den tilkjenner at barnet har klare definerte rettar frå fødsel til det er 18 år. Artikkel 1 formulerer barnealderen slik: «*Alle under 18 år er barn, dersom ikkje ein tidlegare alder er lovfesta av staten.*». Artikkel 3 definerer tydeleg at ansvaret for barna sitt beste ligg hjå dei vaksne.

For alle områda i oppvekstplanen må hovudmålet vere at kvart enkelt barn er teke omsyn til, og at heile barnet blir ivareteke. Barna skal ha tryggleik og tillit til omsorgspersonane dei har rundt seg. Dei skal ha ein trygg og meiningsfull oppvekst på alle arenaer dei befinn seg i; i heimen, i barnehagen, på skulen og på fritida slik at dei kan utvikle seg og trivast kvar dag.

Den gode barndomen har ein verdi her og no. Barnet skal kunne oppleve at barndomen er trygg, glad og god, ikkje berre som grunnlag for det vidare livet, men for at barneåra er verdifulle i seg sjølv. Barndomen er likevel også viktig for kva menneske barnet skal utvikle seg til å bli, korleis ungdomsåra blir og kva haldningar, verdiar og ferdigheiter det får i ulike rollar som vaksen og som føreset.

Dei næraste omsorgspersonane er dei viktigaste gjennom heile barndomen. Alle hjelpeinstansar som til dømes barnevern, PPT, helsestasjon, barnehage, skule og i barna si fritid, er med å bidra i lag med føresette til å gi barna den beste barndomen. Eit godt samarbeid vil kunne bidra til å hindre dårleg helse og risiko for ein utrygg oppvekst for barn og unge. All tverrfagleg dialog, gode verktøy og metodar som til dømes Dei Utrulege Åra (DUÅ), Zippys venner, MOT er primærførebyggjande tiltak for alle barn.

Alt dette byggjer mot det gjennomgåande fokuset og gjennomgåande verktøyet som me peikar på i oppvekstplanen:

- å sjå heile barnet og sjå kvart einskilt barn.
- samarbeid/samhandling mellom einingar.

I dette kapittelet vil me peike på nokre overordna mål for desse områda, medan meir detaljerte mål og tiltak vert å finne i det einskilde delkapittelet.

Møteplassane som allereie er etablert på leiarnivå i oppvekstsektoren, er:

- månadlege rektormøte (deltakarar er rektorarar, kommunalsjef oppvekst, rådgjevar oppvekst og tillitsvald)
- månadlege styrarmøter (deltakarar er styrarar, tenesteleiar barnehage og tillitsvald)
- annankvar månad pedagogisk forum (deltakarar er rektorar, inspektørar, kommunalsjef oppvekst, rådgjevar oppvekst og tillitsvald)
- annankvar månad oppvekstmøte (deltakarar er kommunalsjef oppvekst, leiarar i oppvekstsektoren og rådgjevar oppvekst)

Som ein del av oppvekstplanprosessen vil det verte etablert ein ny møteplass på leiarnivå i oppvekstsektoren, og det vert ein møteplass for støttesystema rundt barnehage og skule. Deltakarane her vert kommunalsjef oppvekst, leiarar for barnevern, helsestasjon og jordmorteneste, PPT og ungdomsavdelinga, samt rådgjevar oppvekst. Desse møta vil finne stad annankvar månad (i dei månadane det ikkje er oppvekstmøte). Målsetjinga med dette møtepunktet er å skape ein arena for systemretta arbeid for dei aktørane som ikkje har sitt hovudvirke i barnehage eller skule, og vonleg gjennom dette sikre betre samhandling.

Alle desse fora kan utvidast ved behov, og ut frå sakliste. Sogn kulturskule og norskopplæringa vil fast få innkalling og sakliste til rektormøte og pedagogisk forum. Sogn kulturskule og styrarar i barnehagane vil få innkalling og sakliste til oppvekstmøte.

I tillegg har oppvekstsektoren ei rekkje faste møte med brukarar, både på tenestenivå og kommunenivå. Ved kvar barnehage og skule er det samarbeidsutval (SU) og foreldrearbeidsutval (FAU), samt skulemiljøutval. I samarbeidsutvala og skulemiljøutvala er det politisk representasjon som er eit direkte ledd til politisk barnehage- og skuleeigar. Desse samarbeidsarenaane er det viktig at vert nytta på best mogleg måte. Rådmannen har også 2 årlege møte med leiarar og nestleiarar i alle samarbeidsutval i barnehagane og foreldrearbeidsutval på skulane. I tillegg er det ungdomsråd for kommunen og elevråd ved skulane, som må lyttast aktivt til i arbeidet vårt.

3.1. Å sjå heile barnet og sjå kvart einskilt barn

| Mål | Delmål | Tiltak |
|--|--|--|
| <p>Mål 3.1.1 I oppvekstsektoren skal me ha auge for heile barnet</p> | Tilsette i oppvekstsektoren skal ha blick ut over sin eigen fagprofesjon og ha kjennskap til kor ein kan vende seg viss det er behov for hjelp frå ein annan fagprofesjon, og det skal vere rom for å dele erfaringar på tvers i sektoren. | Oppvekstsektoren skal ha system for erfaringsveksling mellom profesjonar, og sikre at ein er trygge på kvarandre sine roller. Arrangere felles årleg temamøte for Sogndalsskulen i samarbeid med FAU. Arrangere felles årleg temamøte for Sogndalsbarnehagen i samarbeid med SU. |
| | Oppvekstsektoren skal kjenne til eksisterande kompetanse, kompetansebehov og behov for kompetanseutvikling i organisasjonen for å løyse dagens oppgåver og vere førebudde på morgondagens utfordringar. | Me skal sikre at våre tilsette har rett og tilstrekkeleg kompetanse til å løyse dei oppgåvene som oppvekstsektoren har. |
| | Sogndal kommune skal ha politiske resultatmål som set krav om tverrfaglegheit | Felles politiske resultatmål som forpliktar heile oppvekstsektoren. Kommunestyret skal ha oppvekstrelaterte temaorienteringar i eitt til to møte i året. |
| <p>Mål 3.1.2 I oppvekstsektoren skal me sjå kvart einskilt barn</p> | Ha gode førebyggjande program som sikrar det einskilde barnet, og gjere det trygg på å kunne formidle sine tankar. | Tilby det førebyggjande universalprogrammet til Dei utrullege åra (DUÅ) til foreldre/føresette. |
| | | Teste barnehageprogrammet til DUÅ i nokre barnehagar (kompetanseheving til alle tilsette) |
| | | Tilby Psykologisk førstehjelp i barnehagane |
| | | Tilby Zippys venner i 1.-4.-klasse på alle barneskular |
| | | Sikre eit godt førebyggjande system for 5.-7.klasse |
| | | MOT på ungdomsskulane |
| Det skal vere trygge rammer for barn og unge til å få støtte av vaksne ved behov | Tilsette i oppvekstsektoren skal ha god dialog med føresette, og kunne gie rettleiing om tilgjengeleg og relevant støttetilbod | |
| | Tilby lågterskeltilbod for samtale | |

| | | |
|--|--|---|
| | Me skal ha gode rammer for tverrfagleg drøfting på system og individnivå, for å kunne klargjere kven som best kan yte tenester til eit barn. | Utarbeide klare rutinar for korleis sektoren skal og kan samarbeide om å sjå heile barnet i dei tilfella det er behov. Utvikle kvalitetsindikatorar for korleis me skal jobbe med å sjå kvart einskilt barn. |
|--|--|---|

3.2 Samarbeid/samhandling mellom einingar.

| Mål | Delmål | Tiltak |
|--|--|--|
| <p>Mål 3.2.1 Oppvekstsektoren skal samhandle godt og sjå på barna som vårt felles ansvar</p> | Formalisert samarbeid med eksterne aktørar | Forpliktande samarbeid med politiet gjennom SLT, faste besøk hjå 5-åringar i barnehage, 5.klasse og 8.klasse. |
| | | Ha samarbeid med Sogndal vgs. om mellom anna PPT, skulehelseteneste, overgang grunnskule – vgs, MOT, Ungdomsavdelinga og open skule. |
| | | Sogndal kommune inviterer til samarbeidsmøte mellom kommunen, Sogndal folkehøgskule, Sogndal vgs. og Høgskulen på Vestlandet campus Sogndal 1-2 gongar i året. |
| | | Den einskilde eininga har tett samarbeid med dei eksterne aktørane det er naturleg at dei samhandlar med. |
| | | Rådmannen skal invitere leiarar og nestleiarar i samarbeidsutval og foreldrearbeidsutval i barnehage og skule til to årlege dialogmøte. |
| Me skal kjenne til kvarandre sine arbeidsfelt/ profesjonar | Vurdere hospitering på tvers av einingar/avdelingar og kanskje også fagfelt. | |

4. Risikofaktorar i barn sin oppvekst

Barnekonvensjonen Artikkel 39 uttrykkjer borna sin rett slik: «*Rehabilitering og reintegrering: Staten pliktar til å sette i verk alle meningsfulle tiltak for å sikre rehabilitering og samfunnsmessig attendeføring av barn som er offer for misbruk, utnytting, vanstell, tortur, væpna konflikter eller anna umenneskeleg eller vanærande behandling eller straff*». Alle tenesteytarane for barn og unge er forplikta etter særlovgiving å handle når dei oppdagar barn som er utsette for risiko som mobbing, foreldrekonflikt, vald, livskriser, rus, psykisk sjukdom. For denne gruppa av barn vil det tverrfaglege samarbeidet vere avgjerande for å kunne gi barnet rett hjelp og tilstrekkeleg hjelp.

Sosioøkonomiske skilnadar i oppvekstvilkår er ei kjent problemstilling. Barne- ungdom- og familiedirektoratet sine tal for 2015 syner at Sogndal ligg under gjennomsnittet for barnefattigdom, men likevel var det 122 barn som levde under fattigdomsgrensa i Sogndal i 2015. Ein god oppvekst, der barn får oppfylt sitt potensiale, vil bidra til å utlikne skilnadane. Dette må me gjere mellom anna med å sikre at alle barn har tilbod om å vere med på ulike aktivitetar. Innan dette temaet er det viktig at me samarbeider godt med andre aktørar, mellom anna å jobbe tett med familiekontoret, som i utarbeidingsfasen av oppvekstplan har gjeve uttrykk for at dei kan gje ekstern bistand.

Tenestene må vere forplikta på å utvikle arenaer og prosedyrar som sikrar dette arbeidet på ein god måte. Det må utarbeidast kvalitetsstandardar for arbeid innan risikoområde, og tenestene må i sine årshjul leggje inn refleksjon over eigen ståstad i forhold til kommunen sine satsingsområde, standardar og utviklingsstrategiar.

| Mål | Delmål | Tiltak |
|---|---|--|
| <p>Mål 4.1 Oppvekstsektoren skal alltid ivareta barn og unge, spesielt når dei er i ein utsett posisjon.</p> | Gjennom god oppfølging av føresette i svangerskapet skal me gje den beste starten på livet og redusere risikoen for ein utrygg oppvekst | <p>Tilby ekstrakonsultasjonar hjå jordmor og helsestasjon ved behov</p> <p>Me skal vere merksame på risikofaktorar som t.d. vald og overgrep i nære relasjonar, og sikre god og rett oppfølging.</p> <p>Inngå samarbeid med familievernkontoret om bidrag i svangerskapskurs</p> |
| | Me skal ha gode heilskaplege førebyggjande system | Tilby DUÅ, Zippys vener, psykologisk førstehjelp og MOT. |
| | | Vurdere å vidareføre grupper i skulen for barn som bur i to heimar, etter at prosjektfinansieringa er slutt i 2017. |
| | | Inngå samarbeid med familievernkontoret om å bidra med kunnskap rundt samlivsbrot og foreldrekonfliktar |
| | | Kommunen og idretten skal møtast ein gong i året for å drøfte korleis kommunen og idretten kan samarbeide om å løyse utfordringar knytt til sosioøkonomiske skilnader. |
| | | Utarbeide ein felles plan for barnehage og skule for å klargjere kva aktørar som skal inviterast inn på foreldremøte til kva aldersgruppe (aktørar som politi, familievernkontor, barnevern, PPT, helsestasjon m.fl.) |
| | Me skal ha gode system for å avdekke mobbing, samt oppfølging av avdekka mobbing | Elevundersøkinga skal gjennomførast årleg. |
| | | Alle tilsette skal kjenne til handlingsplikta i samband med mobbing. |
| | | Læringsmiljø vert rapportert i tilstandsrapporten. |
| | Me skal sikre oppfølging av det einskilde barn i barnehage og skule, og gje det moglegheiter til å realisere seg sjølv | Me skal ha gode rutinar for å samarbeide tett med føresette ved mistanke om mobbing. |
| | | Tett samarbeid med PPT, barnehage og skule både på system- og individnivå. |
| | Ved mistanke om omsorgssvikt og overgrep skal einingane i oppvekstsektoren samhandle godt. | Satse på tidleg innsats og tilpassa opplæring i barnehage og skule, for å fremje læring og fagutvikling for det einskilde barn/elev. |
| Alle tilsette skal vere kjent med- og følgje opp si meldeplikt til barnevern ved mistanke om omsorgssvikt. | | |
| | Tett samarbeid med barnevern, helsestasjon, barnehage og skule på system- og individnivå, gjennom mellom anna fellesmøte. | |

5. Fritid og kultur

FN sin barnekonvensjon artikkel 31 slår fast at «*Leik og fritid: Barn har rett til kvile, fritid og leik, og til å delta i kunst og kulturliv.*» I Sogndal kommune sin oppvekstplan har me vektlagt 24-timarsbarnet. For det store fleirtal av barn som veks opp i Sogndal, vil møtet med Sogndal kommune utanfor barnehage- og skuletid vere i fritida og gjennom tilgjengeleg offentleg og frivillig fritids- og kulturtilbod. Dette er også i tråd med FN sin barnekonvensjon. Eit utvida kulturomgrep ligg difor til grunn. Det vil seie at oppvekstplanen famnar om kommunale kulturtilbod som kulturskule, bibliotek, ungdomsavdelinga og SFO. Museum, andre kunst- og kulturtilbod, idrett og friluftsliv samt frivillige lag og organisasjonar vert omtalt. Oppvekstplanen er utarbeidd med det overordna mål for auge at den skal bidra til at Sogndal kommune skal ha eit inkluderande kulturliv for alle. Alle barn og unge, uansett føresetnader, skal ha moglegheiter til å delta i meningsfylte kultur- og fritidsaktivitetar.

5.1 Kommunale kultur- og fritidstilbod

Med kommunale tilbod meiner me det tilbodet som vert gjeve i regi av Sogn kulturskule, Sogndal bibliotek, Ungdomsavdelinga og SFO

| Mål | Delmål | Tiltak |
|---|---|--|
| Mål 5.1.1 Me skal ha ein profesjonell kulturskule som sikrar både breiddesatsing og spissa talentutvikling | Gode tilbod om opplæring til barn og unge aleine eller i grupper, som bidreg til meistringskjensle og sjølvtilitt for elevane | Me skal leggje til rette for god dialog mellom føresette og tilsette. |
| | | Me skal søkje å organisere kulturskuletilbod på ein slik måte at det reduserer «tidsklemma» |
| | | Vidareutvikle kulturskuletilbodet i tråd med vedteken handlingsplan. |
| Mål 5.1.2 Me skal ha gode, tilgjengelege og framtidsretta bibliotektenester tilpassa brukarane sine behov. | Biblioteket skal vere ein møtestad der barn og føresette, barn og unge aleine eller saman med vener kan komme utan forplikingar eller for å vere med på felles opplevingar – utan at det kostar noko. | Biblioteket skal sikre og vere eit gratis lågterskeltilbod for alle |
| | | Biblioteket skal bidra til aktiv formidling til føresette og barn/ungdom |
| | Biblioteket skal vere ein ressurs for andre einingar | Biblioteket skal bidra til aktiv formidling til føresette og barn/ungdom Skulebiblioteka skal vidareutviklast som ein ressursstad for elevar. |
| | | Biblioteket skal vere ein kunnskapsbase for både kommunale einingar og frivillige lag og organisasjonar, og desse skal kunne be om hjelp til litteratur/formidling. Biblioteket skal vere tilgjengeleg for å gje informasjon. |
| Biblioteket skal gje gode tilbod til barn og unge med minoritetsbakgrunn | Biblioteket skal bidra til å ivareta minoritetspråklege sitt behov for tilpassa litteratur på norsk, samt litteratur på morsmålet. | |

| | | |
|--|---|---|
| | | |
| <p>Mål 5.1.3 Me skal gje lågterskel aktivitetstilbod til barn og unge, som sikrar inkludering og motarbeider utanforskap.</p> | Ha eit godt aktivitetstilbod til ungdom | <p>Ha god informasjonsflyt til ungdom, samt foreldre.</p> <p>Lage eit variert og spennande opplegg i lag med ungdom.</p> <p>Stimulere til deltaking hjå dei som ikkje allereie deltek på aktivitetar.</p> |
| | Ungdomsavdelinga skal saman med skulane drive MOT på ein god måte og sikre god implementering i kommunen, mellom anna ved at MOT sin filosofi vert forankra i oppvekstplanen og vert ein felles verdiplattform for kommunen | <p>Gjennomføre MOT-konseptet «Skulen som samfunnsbygger», som vil forsterke MOT og implementere det gjennom at leiinga og dei tilsette får meir eigarskap til MOT, og kan nytte seg meir av det i kvardagen.</p> <p>Gjennomføre MOT-konseptet «kommunen som samfunnsbygger» som vil gje leiinga og tilsette kjennskap til kva MOT står for, korleis det blir jobba med, og korleis dei kan bruke det i sin kvardag.</p> |
| | Ungdomsavdelinga skal bidra med lågterskel førebyggjande tiltak | <p>Gjennomføre meistringskurs.</p> <p>Ha tilbod om enkeltsamtalar med elevar, i samråd med helsesystemer.</p> |
| | Sikre eit velfungerande ungdomsdemokrati i Sogndal | <p>Sogndal ungdomsråd skal representere ungdom i Sogndal sine interesser.</p> <p>Sikre høg deltaking i val til Sogndal ungdomsråd, med gode representantar som ynskjer å gjera ein jobb i rådet.</p> |
| | Ungdomsavdelinga skal bidra til eit godt integreringsarbeid for å inkludere alle minoritetsspråklege | <p>Bidra til å inkludere minoritetsspråkleg ungdom inn i ungdomsmiljøet, mellom anna ved å vidareutvikle open skule på Sogndal vgs.</p> <p>Vurdere å utvide tilbodet med open skule frå ein til to kveldar i veka.</p> |
| | Ha eit godt tverrfagleg samarbeid for samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT) i kommunen og i politirådet | <p>Ha god dialog med andre einingar for å fange opp ukultur i ungdomsmassen.</p> <p>Vurdere behovet for å etablere ei tverrfagleg gruppe for psykisk helsefremjande arbeid for ungdom.</p> |
| | | <p>Elevane skal ha ein god overgang frå barnehage til skule/SFO.</p> <p>God dialog mellom føresette og SFO.</p> <p>Nytte SFO til å fremje fysisk aktivitet.</p> <p>Nytte SFO til å fremje utvikling av sosiale ferdigheiter.</p> |
| <p>Mål 5.1.4 Me skal ha ei skulefritidsordning som bidreg til å ruste barn med dei ferdigheiter dei treng i livet.</p> | <p>SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna</p> <p>Inkludere nokre kulturtilbod i SFO</p> | <p>Nytte mellom anna SFO til å bidra til å redusere «tidsklemma» og vurdere om nokre kulturskuletilbod kan inkorporerast i SFO-tida.</p> |

5.2 Andre kultur- og fritidstilbod

Mange fritidstilbod vert drivne av andre institusjonar eller av frivillige organisasjonar – med eller utan kommunal økonomisk støtte. Sogndal har mange, varierte og gode fritidstilbod for barn og unge.

Fritida er ein stor og viktig del av barn sin oppvekst, og gir moglegheiter for glede, mestring, nye venskap og integrering av nye innbyggjarar i kommunen. Kultur og idrett står sentralt i livet til barn og unge. Eit rikt og variert kultur- og idrettsliv retta mot barn og unge, er med på å engasjere og stimulere målgruppa, samtidig som det skal vere inkluderande og fremje mangfald og trivsel. Fysisk aktivitet er dokumentert å ha positiv effekt på utviklinga hjå barn og unge. Forsking viser at barn og unge blir stadig meir inaktive. Stimulering og tilrettelegging for moglegheiter til auka fysisk aktivitet er viktig. Den frivillige innsatsen i lag og organisasjonar i kommunen er stor. Mange barn og unge deltek i aktivitetar organisert av frivillige. For nye innbyggjarar kan det vere vanskeleg å finne ut om dei forskjellige tilboda: kva finst, kvar, når og kven er kontaktperson(ar).

| Mål | Delmål | Tiltak |
|--|--|--|
| <u>Mål 5.2.1</u> <i>Alle barn og unge skal få jamleg møte med profesjonell kunst</i> | «Kulturtanken» (tidlegare den kulturelle skulesekken) sikrar elevar i grunn- og vidaregåande skule møte med profesjonell kunst kvart år | Kommunen prioriterer kulturtanken-midlar til egne kulturprosjekt i tillegg til turnear. |
| <u>Mål 5.2.2</u> <i>Gjere barn og unge kjende med kulturarven sin</i> | Oppmuntre til å gjere seg nytte av invitasjonar frå institusjonar og frivillige Barn og unge som veks opp i Sogndal skal ha eit medvite forhold til språkbruk | Formidling av lokal kulturarv m.a. gjennom «Den kulturelle spaserstokken». Nytte seg av tilboda om besøk ved t.d. «De Heibergske Samlinger – Sogn folkemuseum og Bremuseet i Fjærland». Ta vare på lokal identitet gjennom dialekt og nynorsk skriftspråk. |
| <u>Mål 5.2.3</u> <i>Sogndal kommune skal oppretthalde eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar</i> | Sogndal kommune skal vere utadvendt og positiv til å delta i møte med frivillige lag og organisasjonar, samt å invitere dei inn når det er relevant | Sogndal kommune har formalisert samarbeid med Sogndal idrettsråd gjennom samarbeidsavtale. Sogndal kommune vil gjennom dialog med Sogndal idrettsråd drøfte korleis me kan sikre særskilt tilrettelegging for barn og unge med nedsett funksjonsevne. Ha fokus på å sikre eit breiddetilbod innan dei ulike idrettane, også for dei som er litt eldre. Etablere treffpunkt opp mot frivillig kulturliv for barn og unge, som mellom anna kor, korps og orkester, for å drøfte korleis me kan samarbeide betre. Gjennom mellom anna tildeling av kulturmidlar bidra til at det kan drivast ei stor spennvidde av ulike kulturaktivitetar i frivillig regi. Sogndal kommune skal sikre involvering av relevante aktørar i planarbeid m.m. Kommunen og idretten skal møtast ein gong i året for å drøfte korleis kommunen og idretten kan samarbeide om å gjere idrettslaga i kommunen endå betre til å sjå heile barnet og sjå kvart einskilt barn . |
| <u>Mål 5.2.4</u> <i>Sogndal kommune skal bidra til å gjera kjent kva tilbod som finst i Sogndal i offentleg og frivillig regi</i> | Sogndal kommune skal ha oversikt over lag og organisasjonar som har barn og unge som brukarar, og sikre samarbeid med desse om informasjon | Sikre at «Kva skjer»-spalta på kommunen si heimeside er kontinuerleg oppdatert. |

6. Landebyte

FN sin barnekonvensjon artikkel 22 slår fast «*Flyktningbarn: Barn som søker flyktningstatus eller som vert sett på som flyktningar, skal få nødvendig vern og humanitær hjelp. Staten skal i samarbeid med internasjonale organ hjelpe eit barn som er åleine til å verte sameina att med foreldra sine.*».

Sogndal kommune er mangfaldig, og det er mange som kjem flyttande hit frå andre land, anten det er gjennom arbeidsinnvandring, som asylsøkjjar eller som flyktning. Dette skapar både moglegheiter og utfordringar. For å utløyse moglegheitene, må oppvekstsektoren bidra til å løyse utfordringane saman med desse barna og familiare. Dette må skje i tett samarbeid med andre einingar som arbeidar tett med dette fagfeltet, slik som til dømes norskopplæringa og flyktningtenesta.

I same periode som me har arbeidd med oppvekstplanen, har det vore utfordringar knytt til dette. Ei eiga tverrfagleg arbeidsgruppe har jobba med temaet, noko som også har danna grunnlaget for oppvekstplanen. Denne gruppa har sett på tilbodet til både barn og unge, samt foreldre deira, for å setje fokus på foreldresamarbeid. Tal frå helsestasjonen syner at om lag 20% av barna som er fødd i Sogndal, er frå familiar som har gjort landebyte.

Me må vurdere om tenestene våre på dei ulike einingane er dimensjonert for det aukande volumet. At det i løpet av året kjem barn som skal ha oppstart i ein klasse eller barnehage, skapar utfordringar når det vert mange. Desse barna byrjar meir eller mindre rett i klasse/barnehage utan mellom anna grunnleggjande norskferdigheiter.

For arbeidet med barn som har gjort landebyte, legg me til grunn at me må sikre heilskaplege og ikkje-fragmenterte tenester, der det er rom for å sjå heile biletet. For å lukkast i dette, må me også her ha eit tverrfagleg fokus der det å førebyggje er mykje betre enn å reparere. I kjølvatn av auka tal familiesameiningar vert det meir samansette behov samla sett. For å møte dette vert det difor stadig viktigare å sjå ressursar samla og på tvers. Uavhengig av dette har Sogndal kommune ein ambisjon om framleis å bidra i det viktige arbeidet med å busetje flyktningar, og me skal halde fram med å gje dei gode tenester hjå oss. Den viktigaste føresetnaden for tenestene for å lukkast med dette, er å ha tilstrekkeleg grunnøkonomi, slik at det kan arbeidast systemretta innanfor ordinære løyvingar. Me ser også at tverrfagleg kompetanseheving hjå dei tilsette er eit viktig grunnlag for å gi gode tenester.

| Mål | Delmål | Tiltak |
|--|--|---|
| <p>Mål 6.1 Barn og unge som har gjennomført landebyte skal inkluderas</p> | Sogndal kommune skal ha eit godt system for minoritetsspråklege barn og unge sitt første møte med Sogndal | Tilby tverrfagleg oppstartssamtale til alle, og utvikle gode rutinar for dette. |
| | Me skal ha god informasjonsflyt internt i Sogndal kommune, og tenestene skal verte koordinert av eit minoritetsspråkleg team som ser- og veit om barna, og varetek eit heilskapleg fokus | Vurdere å ta i bruk eit fagprogram/ samhandlingsverktøy for tenester til denne brukargruppa. |
| | | Etablere eit minoritetsspråkleg team på systemnivå i Sogndal, som har månadlege møte for å drøfte og koordinere tenester. |
| | | Etablere minoritetsspråkleg team på individnivå i Sogndal, som har månadlege møte for å drøfte og koordinere tenester. |
| | | Minoritetsspråkleg team skal bidra til å sikre at me gjev alle eit like godt tilbod. |
| | | Utarbeide ein felles plan for norskopplæring i oppvekstsektoren. |
| | | Tilby bruk av DUÅ foreldreprogram for å styrke foreldrekompentansen |
| | | Tilby regnbogegruppe der ein tek opp helserelaterte tema. (Dette finst for småbarnsforeldre og hadde vore fint å tilby skulebarnsforeldre og.) |
| | Dei einingane som tek imot eit nytt barn/ ein ny elev skal tilby oppstartssamtale og oppfølgingssamtalar, der det mellom anna skal vere fokus på foreldresamarbeid | Me skal utarbeide gode rutinar for samtalanene, og bruke tolk når det er behov. Gje kunnskap om- og trygge pedagogar i nytten av foreldresamarbeid med omsyn til ulike kulturar. |
| | Alle tenester skal ha kompetanse og kapasitet innan sitt fagfelt til å ivareta minoritetsspråklege sitt behov for t.d. språkkinnlæring og sosial kompetanse | Sikre at det er tilgjengeleg materiell og fagstoff tilpassaminoritetsspråklege. |
| Styrke helsestasjonstilbodet for barn, ungdom og føresette | | |
| Sogndal kommune vil ha fokus på mangfald som ressurs | Synleggjere det fleirkulturelle på ein positiv måte, t.d. i samråd med føresette nytte ord og bilete på avdelingane våre. | |

7. Det samanhengande utdanningsløpet med overgangar

I FN sin barnekonvensjon artikkel 28 går det fram at «*Utdanning: Barnet har rett til utdanning. Staten skal gjere grunnskuleutdanninga gratis og obligatorisk, og gjere ulike former for vidaregåande utdanning tilgjengeleg for alle barn, og setje i verk tiltak for å redusere talet på dei som ikkje fullfører skulegangen. Disiplin i skulen skal verte utøvd på ein måte som kan sameinast med menneskeverdet til barnet. Staten skal også fremje internasjonalt samarbeid om utdanning, og særleg ta omsyn til utviklingslanda sine behov*».

Målsetjinga vår er at me skal gje alle som veks opp i Sogndal, den beste oppveksten ut frå sine føresetnadar, og at alle skal ha høve til å blomstre. Me ynskjer å leggje til rette for eit heilskapleg utdanningsløp, der me har høve til at den einskilde institusjon har sin eigenart, samstundes som at alle opplever at dei har gått i Sogndalsbarnehagen og Sogndalsskulen. Det er også viktig at me

samordnar tenestene våre i oppvekstsektoren godt opp mot andre samarbeidspartnarar som norskopplæringa og Sogndal vgs.

Sogndal kommune jobbar aktivt med utviklingsarbeid, både i eigen regi og i samarbeid i Sogn regionråd med «System for styrka læring». Det regionale samarbeidet er ikkje i motstrid til det lokale arbeidet vårt. Ambisjonen vår er å vere framoverlent og bidra til utvikling av oppvekstsektoren, t.d. gjennom å ta del i relevante prosjekt.

| Mål | Delmål | Tiltak | |
|--|---|--|---|
| <p>Mål 7.1 Me skal gjennom utdanningsløpet sikre at barn og unge får eit samordna og heilskapleg oppvekstilbod</p> | <p>Saman med private barnehagar i kommunen, og gjennom regionsamarbeidet, skal me byggje vidare på «Sogndalsbarnehagen»</p> | Delta i fagnettverk i «System for styrka læring» knytt til fagområda i rammeplanen for barnehage, samt regionalt styrarnettverk. | |
| | | Samarbeide om fellesprosjekt som årleg felles personalmøte og foreldremøte. | |
| | | Satse på barnehagen som lærande organisasjon. | |
| | <p>Me skal halde fram med å byggje Sogndalsskulen, med rom for ein eigenart for den einskilde skule</p> | <p>Gjennom tverrfagleg samarbeid sikre at me rustar dei som veks opp i Sogndal på ein best mogleg måte for notid og framtida</p> | Samarbeide tett med skulane om å få til eit mest mogleg heilskapleg utdanningsløp. |
| | | | Me skal halde fram med å satse på: <ul style="list-style-type: none"> • Heilskapleg læringsmiljø med vekt på lærarrolla • Skulen som lærande organisasjon • Tidleg innsats og tilpassa opplæring. • Ikt • Fysisk aktivitet |
| | | | Byggje vidare på kommunale fagnettverk, der me saman byggjer kompetanse og kapasitet. |
| | | Delta i regionsamarbeidet med «System for styrka læring» i skulen, og ta del i dei regionale fagnettverka. | |
| | | Nytte møtepunkt i oppvekstsektoren til å drøfte utviklingsretning og korleis me skal jobbe saman. | |
| <p>Mål 7.2 Me skal leggje til rette for at oppvekstsektoren i Sogndal vert opplevd som ein heilskap, der overgangar er positive, trygge og føreseielege prosessar</p> | <p>Me skal sikre gode rutinar for alle overgangar i utdanningsløpet</p> | Me skal ha ein plan for ein god start i barnehagen i samarbeid med føresette og helsestasjon. | |
| | | Me skal ha ein plan for sikre å ein god overgang frå barnehage til skule/SFO. | |
| | | Me skal ha ein plan for å sikre ein god overgang frå barneskule til ungdomsskule. | |
| | | Me skal ha ein plan for å sikre ein god overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule. | |

8. Gjennomføring og oppfølging av planen

Tiltaka skal gjennomførast innanfor planperioden, og dei ulike tiltaka vert innarbeidd i dei årlege verksemdsplanane – med atterhald om tilstrekkelege økonomiske rammer. Oppvekstplanen er ein temaplan.

8.1 Rutinar og system for oppfølging av planen

Etter at oppvekstplanen er endeleg vedteken vil det bli utarbeidd ein handlingsplan der dei ulike tiltaka er definert for gjennomføring. Denne handlingsplanen vil verte lagt fram for VOK-utvalet for drøfting.

Det vil også bli plukka ut nokre målsetjingar for det tverrfaglege samarbeidet som me vil utarbeide kvalitetsindikatorar for, og som vil bli jobba særleg med. Kvalitetsindikatorar er meint å vere kvalitative skildringar på ulike tema, der me skildrar kva som skal kjenneteikne ulike nivå for måloppnåing. Vurderinga av måloppnåing på indikatorane skal skje i involverande prosessar i det einskilte kollegium. Dette er meint å sikre eigarskap til målsetjingar i oppvekstplanen, samt at flest mogleg skal få ta del i vurderinga av kvaliteten i tenestene me yter.

Kvalitetsindikatorane vert plukka ut i handlingsplanen. Kvalitetsindikatorar og tiltak som er løfta særskilt fram som politiske resultatmål i budsjett og økonomiplan, vil bli rapportert på i Sogndal kommune si årsmelding. Me vil også inkludere nokre kvalitetsindikatorar for tverrfagleg samarbeid i den årlege Grunnskulerapporten.

9 Kjelder

Alle sitat frå FN sin barnekonvensjon henta frå barne- og likestillingsdepartementet si heimeside:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/barnekonvensjonen-nynorsk/id87589/>